



Statens vegvesen

Liv Helvik Skjærven
Beiteveien 6d
5019 BERGEN

Behandlende enhet:

Saksbehandler/innvalgsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2011/148431-007

Deres referanse:

Vår dato
01.09.2014

U

Avslag på søknad om avkøyrsløse og parkeringsplass og dispensasjon frå byggjegrænse for bygging av naust og brygge - gnr. 196 bnr. 51- Toftevåg i Kvinnherad kommune

Vi viser til skriv frå dykk datert 11.08.2014.

Her har det oppstått missforståing med omsyn til søknaden. Vi seier oss leie for dette.

Avkøyrsløse

Fv: 63 hp: 1 km: 1,098


Vi viser til søknad datert 14.02.2012 frå Halsnøy Trelast AS.

Søknaden gjeld ny avkøyrsløse for tilkomst til nausttomt, gnr. 196 bnr. 51 i Kvinnherad kommune

Tekniske opplysningar:

Fylkesveg 63 er ein 1-feltsveg med totalbreidd på 4,0 meter. Det er generell fartsgrense (80 km/t). ÅDT er 260 (2013 tal).

Rammeplanen:



HALDNINGSKLASSE 3 (BLÅ)

Avkøyrsløse

- Talet på direkte avkøyrsløse til vegane må vere avgrensa. Dette gjeld òg for driftsavkøyrsløse
- Nye bustadavkøyrsløse bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrsløse må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrsløse til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt

Byggjegrænser

- Byggjegrænser 30 meter
- Viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon)
- I visse høve kan ein godkjenne oppføring av bygningar


I Sogn og Fjordane gjelder 15 meter byggjegrænse, jamfør vedtak i Hovudutval for samferdsle 18.06/2013, HS-sak 27/13.

Teknisk krav:

Kravene til frisikt 4 meter inn i avkjørselen skal være minimum 115 meter til begge sider. Sikten fram- og bakover på vegen ved avkjørsle må være minimum 115 meter. Svingradius skal være 4 meter (diameter 8 meter). Det må være snu- og parkeringsplass på egen grunn. Parkering i frisiktsonene er ikke tillatt.

Kommunen sin arealplan.

I gjeldande kommunedelplan er den omsøkte eigedomen ein liten del av eit område som er sett av til fritidsbustad, med krav om utarbeiding av reguleringsplan. Naust er ikkje i samsvar med føremålet fritidsbustad.

*Tiltakshavar sine merknadar til saka:*

Meiner at bygging av naust vil ikkje gi dårlegare sikt på vegstrekninga på grunn av tomta si utforming og plassering. Ei avkøyrsla vil ikkje sjenera trafikken nevenverdig og ser ikkje at avkøyrsla vil påvirka trafikksikkerheit eller vegens transportfunksjon.

Vegvesenet si vurdering av saka:

Vi viser til "Rammeplanen", der fv. 63 har fått «Haldningsklasse 3 (blå)», der talet på direkte avkøyrslar må vera avgrensa og plassering av nye avkøyrslar må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga.

Avkøyrsla det er søkt om vil ikkje oppfylle krava til teknisk utforming. Vil verken oppnå tilfredsstillande frisikt, naudsynt svingradius eller snumogelegheiter på eigen grunn.

Ved å utarbeida ein reguleringsplan, slik kommunedelplanen krev, vil ein kunne sjå heile området samla, der ein kan oppnå felles løysing på avkøyring og parkeringsplass.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Regionsvegkontoret å avslå søknad om avkøyrsla.

Grunngjeving:

Avkøyrsla det er søkt om vil ikkje oppfylle krava til teknisk utforming. Vil verken oppnå tilfredsstillande frisikt, naudsynt svingradius eller snumogelegheiter på eigen grunn.

Klagerett:

Ja

Byggjegrense


Fv: 63 hp: 1 km: 1,098

Vi viser til søknad datert 14.02.2012 frå Halsnøy Trelast AS.

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggjegrense frå fv. 63 for oppføring av naust og brygge, gnr. 196 bnr. 51 i Kvinnherad kommune

Tekniske opplysningar:

Det er søkt om oppføring av naust med ein avstand på 6,5 meter frå midte fylkesveg 63 og brygge 15 meter frå midte fylkesveg.



Tiltakshavar sine merknader til saka:

Bygging av brygge og naust vil ikkje endre bruken av tomta i nevneverdig grad. Ei brygge vil liggja godt utanfor byggjegransa på 15 meter frå fylkesvegen.

Vegvesenet si vurdering av saka:

Vi viser til "Rammeplanen", der fv. 63 har fått «Haldningsklasse 3 (blå)», der byggjegrense er sett til 30 meter. Naust er heller ikkje i samsvar med føremålet fritidsbustad i kommunedelplanen.

Ved å utarbeida ein reguleringsplan, slik kommunedelplanen krev, vil ein kunne sjå heile området samla, der ein kan oppnå felles avkøyring og parkeringsplass.



Med den tiltenkte plasserings kan det skapa problem for vedlikehald av fylkesvegen og støv og støy problematikk.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 vedtek vegvesenet å avslå søknad om naust og brygge.

Grunngjeving: Den omsøkte oppføringa av naust med ein avstand på 6,5 meter frå midte fylkesveg kan det skapa problem for vedlikehald av fylkesvegen samt støv og støy problematikk. Naust er heller ikkje i samsvar med føremålet fritidsbustad i kommunedelplanen

Klagerett:

Ja

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL
Halsnøy Trelast AS, Nordrevågsvegen 6, 5454 SÆBØVIK